# Ulike barn, ulike behov

<table>
<tr><th>Det du viser på skjermen:</th><th>Handling</th><th>Tips</th></tr>
<tr><td>Opne sida</td><td colspan="2">Introduser måten å jobbe på:<br><br>Vi skal ha ei lita temaøkt frå Livet&Sånn. Vi skal sjå ein film og de skal få snakke saman i smågrupper. Filmane og opplegget er laga av psykologar og barnevernspedagog, ein kompetanse som supplerer den vi har i barnehagen. Vi brukar dette saman, men eg har ikkje rolla som ekspert eller foredragshaldar.</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Vis filmen [Ulike barn, ulike behov - YouTube]</td><td>Du kan gjerne gjere klar filmen på førehand, sørg for at alle ser og høyrer. Sjå i fullskjerm, og bruk esc-knappen for å kome tilbake til sida.</td></tr>
<tr><td>
</td><td colspan="2">I filmen er det ein situasjon der den vaksne må gripe inn i ein situasjon der fleire barn har ulike behov på same tid. I slike situasjonar er det alltid fint å vere fleire vaksne, men det er vi ikkje alltid. Her vel han å først gi ein konkret beskjed til den som gjer noko dumt, så sjekkar han at den det gjekk ut over har det greitt, og så sørger han for at dei andre barna fortset med leik før han prøver å få den som gjorde noko dumt til å reparere og få ein ny start.<br><br>Kva tenker de om denne måten å gjere det på? Er det slik vi gjer det her hos oss? Kva er bra med å gjere det slik?</td></tr>
<tr><td>
<table>
<tr><th>Utfordring:</th><th>Det gode unntaket:</th><th>Analyser dette:</th><th>Behov vi kan dekke:</th></tr>
<tr><td>Kva situasjonar med barnet er vanskeleg å få til?<br>Kva skjer i desse situasjonane?</td><td>Kom på ein eller fleire gongar der dette gjekk bra, eller likande situasjonar som brukar å gå bra:</td><td>Analyser situasjonane som går bra:<br>- Er det noko du/de gjer annleis når det fungerer bra?<br>- Er det andre faktorar som er med på å gjere at det går betre då? (tid, valalternativ, tilstand, humor, oppmuntring, ros, dekt grunnleggande behov, anna?)</td><td>Kva viser dette at barnet har behov for i slike situasjonar?<br>Er det noko av dette vi kan forsøke å gjere meir av i desse situasjonane?<br>Kva vil vi forsøke å prøve?</td></tr>
<tr><td>Eksempel:<br>Barnet vil ikkje kle på seg for å vere med på uteleik.</td><td>Eksempel:<br>Barnet kler på seg fint og lett når vi skal på tur.<br>Barnet protesterte ikkje mot uteleik i går når vi la ein plan for uteleiken medan vi framleis var inne.</td><td>Eksempel:<br>Dette er situasjonar der barnet veit akkurat kva det skal gjere når det kjem ut.<br>Vaksne har brukt tid å på planlegge og avtale saman med barna.</td><td>Eksempel:<br>Barnet har behov for å ha ein plan for kva det skal gjere på ute.<br>Vi kan venne oss til å avtale med barnet kva barnet skal gjere på ute før vi går til garderoba.</td></tr>
</table></td><td colspan="2">I filmen introduserast «detektivarbeid» når noko er vanskeleg å få til med eit barn. Vi skal prøve å øve på litt analyse av situasjonar som kan vere vanskelege – ved å fokusere på når dei går bra.<br>Les eksempelet saman og del ut ark slik at dei kan jobbe 3-4 saman om oppgåva.</td></tr>
<tr><td></td><td colspan="2">Felles refleksjon: er det noko av dette vi tenker vi bør følgje opp? Korleis?</td></tr>
<tr><td>Grå boks øvst – lær meir om dette</td><td>Vis at dei kan gå inn på denne og finne tips til kvar dei kan lære meir om temaet.</td><td></td></tr>
</table>